

Årsmelding 2016



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

ÅRSMØTE

SCANDIC SUNNFJORD HOTEL, FØRDE

18. MARS 2017

INNHALDSLISTE

| | |
|--------------------------------------|---------|
| Program og sakliste årsmøte | side 3 |
| Styret sine framlegg til vedtak | side 4 |
| Nokre ord frå leiaren | side 7 |
| Årsmelding 2016 frå fylkeslaget | side 8 |
| Rekneskap 2016 | side 27 |
| Medlemsutvikling | side 29 |
| Statistikk Internett | side 31 |
| Kontorutstyr og utstyr i fylkeslaget | side 32 |
| Årsplan for 2017 | side 33 |
| Budsjett 2017 | side 38 |
| Vedtekter | side 39 |

Vedlegg 1: Plakettvinnarar jaktskyting, LM og FM,
Resultat Sogn og Fjordane Cup og Våpenloftet Cup

Vedlegg 2: Medlemsutvikling lokallaga



PROGRAM ÅRSMØTE

Laurdag 18. mars

kl. 16.00 Opning av årsmøte
v/ fylkesleiar Alf Erik Røyrvik

Nytt frå NJFF
v/ Gunnar Borgen

Kl. 17.00 Årsmøtesaker

Kl 19.30 Prisutdeling, open halvtime

Kl. 21.00 Middag

Beinstrekk med kaffe og te etter behov.

Gjester:

Gunnar Borgen, medlem i forbundstyret i NJFF

SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
 - Namneoppprop
 - Val av ordstyrar
 - Val av sekretær
 - Val av teljekorps
 - Val av 2 delegatar til å skrive under årsmøteprotokollen
 - Godkjenning av fullmakter
 - Godkjenning av innkalling
 - Godkjenning av sakliste
 - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2016
3. Revidert rekneskap for 2016
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Andre saker som styret set opp på saklista
6. Styret sitt framlegg til årsplan 2017
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2018, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2017
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd
11. Val av 2 revisorar og eitt varamedlem

STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

Sak 1. Konstituering av møtet

Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til eventuelle innkomne fullmakter

Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 23.01.2017. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, eventuelt vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.

Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røyserett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røyserett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røyserett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiars skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.

Sak 2, Årsmeldingar 2016

Årsmelding s. 8-

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.

Sak 3, Rekneskap 2016

Rekneskap s. 27.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Rekneskapet vert godkjend.

Sak 4, Innkomne forslag

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

Sak 5, Andre saker som styret har sett opp

Medlemsundersøking i NJFF viser at medlemstilbod er viktig grunnar til å vere medlem i NJFF. Særleg gjeld dette tilgong til jakt og fiske. Dersom årsmøtet vedtek saka, vil NJFF-SFJ arbeide vidare med følgande medlemsfordeler

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

1. Leige jakt- og fiskerettar i samarbeid med lokallag som kjem alle medlemmene i NJFF-SFJ til gode. Desse rettane kan og brukast i samband med opplæring.
2. Fylkeslaget sjekker m.a. ut kva tid gjeldande avtaler med OVF går ut. For ettertida vil Fylkeslaget i samarbeid med lokallaga kunne inngå avtaler med OVF.
3. Inngå avtaler med firma som sel varer og teneste og som kjem alle medlemmene til gode.

Sak 6, Årsplan 2017

Styret sitt forslag til årsplan: s. 33

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til årsplan vert godkjend.

Sak 7, medlemskontingent 2018

Fylkeslagskontingenten er kr. 50,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 15,-.

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Årsmøtet gjer vedtak om å ikkje endre fylkeslagskontingenten.

Sak 8, budsjett 2017

Budsjett s. 38

Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:

Styret sitt framlegg til budsjett vert godkjend.

Sak 9, Val 2017**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

| Verv | Val | Valnemnda sitt framlegg: |
|------------------------------|--|---|
| • Leiar | Alf Erik Røyrvik, Hyen jfl, ikkje på val | |
| • Nestleiar /sekretær | Veljast for 2 år | Attval Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl |
| • Kasserar | Veljast for 1 år | Ny: Ingunn Loen Sunde, Flora jff. |
| • Ungdomsansvarleg | Veljast for 2 år | Ny: Torger V. Eimhjellen, Hyen jfl |
| • Kvinnekontakt | Veljast for 1 år | Ny: Wenche J. Henden, Stryn og H. jspfl |
| • Fagansvarleg fisk | Veljast for 2 år | Ny: Tom André Wangensteen, Førde jfl |
| • Fagansvarleg vilt | Geir Haukaas, Førde jfl, ikkje på val | |
| • 1. vara | Veljast for 1 år | Attval Vidar Moen, Årdal jff |
| • 2. vara/ Fagansvarleg hund | Veljast for 1 år | Attval Trude M. Kvamme, Stryn og H. jspfl |

Sak 10, Val av revisorar**Valnemnda sitt framlegg til vedtak:**

| | | |
|-----------------|------------------------|-----------------------------------|
| • Revisor nr. 1 | Veljast for 3 år | Attval Terje Espe, Eid jfl |
| • Revisor nr. 2 | Ikkje på val, 1 år att | Kåre Stokkevåg, Førde jfl |
| • Revisor vara | Ikkje på val, 2 år att | Øyvind Hopland, Stryn og H. jspfl |

Sak 10, Val av valnemnd

| | |
|--------------------|--|
| • Valnemnd, leiar | Arild Kvernevik, Gloppen jfl |
| • Valnemnd, medlem | 2 år att: Rune Olsbø, Flora jff |
| • Valnemnd, medlem | Ny, 3 år att: Morten Jacobsen, Vik jfl |

NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Då er årsmøtet her, og nok eit år har gått. Eit år med jakt, fiske, friluftsliv, organisasjonsarbeid og mange arrangement og aktivitetar. Eit år med trendar og utvikling som går både i positive og ikkje fullt so positive retningar.

På den positive sida har vi mange lokallag som driv veldig godt, med mange flotte aktivitetar, dyktige tillitsvalte og medlemsvekst. Eg vil og påstå at fylkeslaget har hatt ei god drift siste åra. Vi har god økonomi og mange dyktige tillitsvalte i styre, utval og instruktørar. Vi er godt nøgde med mange av dei arrangementa og aktivitetane som vi har gjennomført.

Ikkje fullt so positivt er det at medlemstalet vårt går noko ned. Lenge var Sogn og Fjordane «annleisfylket» i NJFF, som det einaste med medlemsvekst. No er det derimot slik at vi har nedgong, medan medlemstalet i NJFF totalt gledeleg nok går opp. Det er ingen grunn til panikk, for i antal medlemmer er ikkje nedgongen so stor. Men det er eit utvikling vi sjølv sagt må jobbe for å snu.

Det beste tiltaket vi kan gjere for å få nye medlemmer og behalde dei over tid, er god drift i lokallaga, med regelmessig aktivitet og gode tilbod til medlemmene. Dette har vore eit prioritert felt siste året og vil framleis vere det! Lokallaga er grunnfjellet i organisasjonen, ein organisasjon som er bygd frå grasrota og opp.

Naturgrunnlaget og ressursane vi likar å hauste frå gjennom jakt og fiske er heilt avgjerande for oss. Mottoet vårt er «Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid». Skal dette mottoet ha noko for seg må vi ha ressursar som vi kan jakte og fiske på. Det er derfor eit viktig arbeid vi gjer i NJFF med å jobbe for tilstrekkeleg vern og berekraftig bruk av naturressursane. Arbeidet er viktig i dag og alt tyder på at det vert endå viktigare i framtida.

Til slutt vil eg takke alle tillitsvalte i lokallag og fylkeslag for god innsats. Ein liten ekstra takk til dei som no går ut av fylkesstyret. Vel utført arbeid!

Alf Erik Røyrvik
- fylkesleiar -



ÅRSMELDING FOR 2016

FYLKESLAGET HAR VORE SAMANSETT SLIK:

| | | |
|-----------------------------|----------------------|--------------------------|
| Leiar | Alf Erik Røyrvik | Hyen jfl |
| Nestleiar / sekretær | Bjarne Huseklepp | Hyllestad jfl |
| Kasserar | Per Gunnestad | Luster jfl |
| Ungdomsansvarleg | Gry Helene Haukereid | Høyanger jfl |
| Kvinnekontakt | Bente Skrede | Flora jff |
| Fagansvarleg Fisk | Morten Jacobsen | Vik jfl |
| Fagansvarleg Vilt | Geir Haukaas | Førde jfl |
| 1. vara | Vidar Moen | Årdal jff |
| 2. vara / Fagansvarleg Hund | Trude Mari Kvamme | Stryn og Hornindal jspfl |
| Revisor 1 | Terje Espe | Eid jfl |
| Revisor 2 | Kåre Stokkevåg | Førde jfl |
| Revisor, vara | Øyvind Hopland | Stryn og Hornindal jspfl |
| Valnemnd leiar | Ingeborg Sivertstøl | Leikanger jfl |
| Valnemnd medlem | Arild Kvernevik | Gloppen jfl |
| Valnemnd medlem | Rune Olsbø | Flora jff |

Tillitsverv som fylkesstyret peikar ut:

| | | |
|----------------------|--------------------|---------------|
| FI Aversjon | Knut Broberg | Flora jfl |
| FI Ettersøkshund | Rudi Sønnervik | Førde jfl |
| FI Hagle | Per Gunnestad | Luster jfl |
| FI Jakthunddressur | Rudi Sønnervik | Førde jfl |
| FI Taksering | Knut Broberg | Flora jfl |
| Organisasjonskontakt | Bjarne Huseklepp | Hyllestad jfl |
| Fiskeveglear | Ragnvald Loven | Sogndal jsfl |
| Fiskeveglear | Otto Åge Bergstrøm | Flora jff |
| Trofédømmar | Knut Øyvind Marås | Luster jfl |

Ettersøksutval:

| | | |
|--------|-------------------|--------------------------|
| Leiar | Ann-Kristin Gaare | Flora jfl |
| Medlem | Rudi Sønnervik | Førde jfl |
| Medlem | Bente Skrede | Flora jfl |
| Medlem | Birger Hogrenning | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Eivind Antonisen | Fjaler jsfl |

Fuglehundeutval:

| | | |
|--------|---------------------|-------------|
| Leiar | Bertil Olsbø | Flora jff |
| Medlem | Henning Bortne Bøen | Flora jff |
| Medlem | Terje Hilding | Førde jfl |
| Medlem | Øyvind Sagmo | Svelgen jfl |
| Medlem | Jonas Hilding | Førde jfl |

Jakthundutval

| | | |
|--------|----------------------|--------------------------|
| Leiar | Trude Mari Kvamme | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Bjørn H Marthinussen | Flora jfl |
| Medlem | Odd Rune Våge | Leikanger jfl |
| Medlem | Leif Magne Aarnes | Førde jfl |

Jaktskyttarutval:

| | | |
|--------|---------------------|---------------|
| Leiar | Svein Inge Lundheim | Leikanger jfl |
| Medlem | Atle Lunde | Jølster jfl |
| Medlem | Per Gunnestad | Luster jfl |
| Medlem | Per Tore Taklo | Eid jfl |

Jenteutval:

| | | |
|--------|--|--------------------------|
| Leiar | Bente Skrede (Randi Alsaker har vore vikar i 2016) | |
| Medlem | Elin Karin Aa Hope | Høyanger jfl |
| Medlem | Marit Haram Vannes | Balestrand jfl |
| Medlem | Randi Alsaker | Stryn og Hornindal jspfl |
| Medlem | Gry Helene Haukereid | Høyanger jfl |

Ungdomsutval

| | | |
|--------|----------------------|--------------|
| Leiar | Gry Helene Haukereid | Høyanger jfl |
| Medlem | August Evensen | Luster jfl |
| Medlem | Geir Ove Dvergsdal | Jølster jff |

Tilsette:

| | |
|--------------------------------|------------------------------|
| Fylkessekretær 100 % stilling | Reidun Solberg Seim, Sandane |
| Prosjektleder, ca 20% stilling | Rudi Sønnervik, Førde |

FYLKESLAGET ER REPRESENTERT I DESSE UTVAL/FAGRÅD:

- Rådgjevande utval for Jotunheimen Nasjonalpark, Vidar Moen
- Styret i FNF Sogn og Fjordane (Forum for Natur og Friluftsliv), Bjarne Huseklepp. Leiar vara.
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagansvarleg Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagansvarleg Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Fylkessekretær
- Referansegruppe Møteplass i naturen (4H): Bjarne Huseklepp, fylkessekretær vara
- Prosjektgruppe beredskapsplan mot rømming av oppdrettsfisk; Fagansvarleg Fisk
- Varamedlem i Sogn Villaksråd; Morten Jacobsen
- Referansegruppe for EU's vassdirektiv, fylkessekretær
- Referansegruppe for Vassområde Indre Sogn, Morten Jacobsen

MEDIEAKTIVITET:

| | | |
|-----------|-----------------|---|
| Februar | Lokalavisene | Villmarksleir for ungdom – Reidun |
| Februar | Lokalavisene | Innlegg frå villmarksleir for ungdom – Reidun |
| Februar | Lokalavisene | Vintersamling med klubbmeisterskap – Bertil |
| 22. febr | NRK Sogn og Fj. | Revejakt og predator konkurransen – Geir |
| 23. febr. | Vestlandsrevyen | Revejakt og predator konkurransen – Geir |
| 21. mars | NRK Sogn og Fj. | Fellingstal hjort – Alf Erik |
| 3. mars | Jaktradioen | Revejakt mm – Reidun |
| 29. mars | Firda | Nedgong i fellingstal hjort – Alf Erik |

| | | |
|-----------|--------------------------------|--|
| Mars | Sogn Avis | Oppdrettsanlegg – Morten |
| 31. mai | NRK Sogn og Fj. | Starten på laksefiske – Bjarne |
| Juni | NRK, Firda | Yngelgaude i Flekke – Bjarne |
| August | Lokalavisene | Hjortekveld med Rolf Langvatn – Reidun |
| August | Firda, Nordhordland og Strilen | Vil blåse nytt liv i Gulen jsfl – Reidun |
| September | NRK Sogn og Fj. | CWD – Alf Erik |
| September | Vestlandsrevyen | CWD – Alf Erik |
| | NRK Sogn og Fj. | Trafikk-ettersøk, førebygging ved uhell – Rudi |
| | NRK Sogn og Fj. | Drive med ettersøk av skadd hjortevilt – Rudi |

MØTER OG AKTIVITETAR :**JANUAR**

| | | | |
|---------|-------|-------------------------|----------------------------------|
| 11. | Skei | Foreiningsløftet – møte | Per, Bente, Geir, Bjarne, Reidun |
| 12. | Skei | Møte jakthundsamling | Trude, Reidun m.fl. |
| 14. | Førde | Styremøte i Førde jfl | Geir |
| 18.-21. | Flå | Fylkessekretærsamling | Reidun |
| 21. | Førde | Møte jenteutvalet | Jenteutvalet |

FEBRUAR

| | | | |
|---------|-------------|---------------------------------|---------------------------------|
| 3. | Sogndal | Møte kontaktutvalet for rovvilt | Reidun |
| 4. | Luster | Årsmøte i Luster jfl | Geir |
| 5.-7. | Gaularfjell | Vintersamling fuglehund | Bertil |
| 6. | Skei | Møte ettersøksutvalet | Ettersøksutvalet |
| 6. | Skei | Fagdøg ettersøk | Ettersøksutvalet, Trude, Reidun |
| 8. | Skei | Styremøte | Styret, Reidun |
| 9. | Stryn | Synfaring område villmarksleir | Alf, Reidun |
| 11. | Tlf.møte | Planleggingsmøte villmarksleire | Alf, Reidun |
| 12. | Ørsta | Møte ettersøksundersøking | Per, Rudi, Reidun |
| 17. | Førde | Møte fuglehundutvalet | Fuglehundutvalet |
| 19.-21. | Styn | Villmarksleir for ungdom | Alf, Reidun |
| 22. | Sandane | Årsmøte i Gloppen jfl | Reidun |
| 23. | Jølster | Årsmøte i Jølster jfl | Reidun |
| 25. | Førde | Styremøte i Førde jfl | Geir |
| 26.-28. | Flå | Samling organisasjonskontakter | Bjarne |
| 26.-28. | Gaularfjell | Gaularfjellprøven | Fuglehundutvalet |
| 27.-28. | Kalvåg | Revejakt med hund | Odd Rune |
| 29. | Førde | Styremøte | Styret, Reidun |

MARS

| | | | |
|---------|---------|--|--|
| 2. | Sogndal | Portalkurs | Reidun, Håvard |
| 4.-6. | Flå | Fylkessekretærsamling | Reidun |
| 9. | Førde | Årsmøte i FNF | Bjarne, Reidun |
| 10. | Førde | Portalkurs | Bjarne, Håvard |
| 11.-12. | Vik | Årsmøte i NJFF Sogn og Fjordane | Per, Alf, Morten, Geir, Bjarne, Reidun |
| 14. | Førde | Årsmøte i Førde jfl | Alf |
| 14. | Eid | Portalkurs | Reidun |
| 15. | Breim | Sosialisering- treningssamling jaktund | Trude, Rudi |

| | | | |
|------|-------------|--|---------------------|
| 16. | Skei | Møte jakthundsamling | Trude, Reidun m.fl. |
| 29. | Breim | Sosialisering- treningssamling jaktund | Trude |
| Mars | Telefonmøte | Med Balestrand jfl vedr oppdrett | Morten |

APRIL

| | | | |
|---------|------------|--|-------------------|
| 1.-2. | Florø | Instruktørkurs hagle | Per G. |
| 8.-10. | Ålesund | Fiskevegleiarsamling | Ragnvald, Morten |
| 11. | Skei | Styremøte | Styret, Reidun |
| 12. | Skei | Møte med Jølster jff og Jølster skyttarlag | Alf |
| 12. | Breim | Sosialisering- treningssamling jaktund | Trude, Rudi |
| 13. | Førde | Oppdateringskurs Førde | Knut |
| 15.-16. | Flå | Fylkeslederkonferanse og RS | Alf |
| 18. | Nesholmen | Planleggingsmøte fylkesleir | Alf, Geir, Reidun |
| 19. | Førde | Møte jenteutvalet | Jenteutvalet |
| 22. | Balestrand | Foreldrefiskekurs Balestrand jfl | Ragnvald |
| 22.-24. | Flå | FI samling hagle,taksering | Per G, Knut |
| 22.-24. | Gulen | Bandhundkurs | Bjørn Henry |
| 27. | Volda | Møte ettersøksundersøknga | Alf, Rudi, Reidun |
| 27. | Eid | Innlegg på jegerprøvekurs | Reidun |
| 28. | Skei | Småroviltkveld | Geir, Reidun |
| 30. | Leikanger | Dommarkurs hagle | Per G. |

MAI

| | | | |
|--------|-----------|------------------------------|-----------------------|
| 4. | Skei | Styremøte i FNF | Bjarne |
| 7. | Høyanger | Opning av ny skytebane | Per G. |
| 9. | Skei | Styremøte | Styret, Reidun |
| 18. | Florø | Planleggingsmøte viltseminar | Reidun |
| 20.-22 | Sogndal | Instruktørkurs flugekasting | Geir, Ragnvald, Brede |
| 23. | Nesholmen | Planleggingsmøte fylkesleir | Geir, Reidun |
| 26. | Eid | Møte vassregion Nordfjord | Reidun |
| 31. | Førde | Møte med KFUK / KFUM | Alf, Geir, Rune |

JUNI

| | | | |
|---------|-----------|---|------------------------|
| 1. | Eid | Skyting for jenter | Reidun |
| 2. | Førde | Opning av fiskeplass ved Digernesvatnet | Alf |
| 10.-12 | Nesholmen | Fylkesleir | Alf, Geir, Gry, Reidun |
| 14.-16. | Melhus | Eigenorganisert FS-samling | Reidun |
| 21. | Førde | Planleggingsmøte viltseminar | Geir, Reidun |

JULI

| | | | |
|---------|---------|----------------------------|------------------------|
| 13.-14. | Bygstad | Instruktør på Camp Villaks | Bjarne |
| 13.-15. | Bygstad | Camp Villaks | Reidun, Brede Berglund |

AUGUST

| | | | |
|---------|--------|----------------------|----------------|
| 13. | Luster | Slaktekurs | August |
| 15. | Skei | Styremøte | Styret, Reidun |
| 20.-21. | Gulen | Bandhundkurs | Bjørn Henry |
| 24. | Gulen | Årsmøte i Gulen jsfl | Reidun |

| | | | |
|--------|------------|------------------------|------------|
| 27.-28 | Mo, Førde | Andejakt med hund | Leif Magne |
| 30. | Gardermoen | FS samling – plan 2017 | Reidun |

SEPTEMBER

| | | | |
|-----|-----------|---|-----------------|
| 6. | Leikanger | Møte med Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Reidun |
| 6. | Førde | Møte jenteutvalet | Jenteutvalet |
| 12. | Skei | Styremøte i FNF | Alf |
| 13. | Skei | Møte i jakthundutvalet | Jakthundutvalet |
| 19. | Skei | Styremøte | Styret, Reidun |
| 29. | Førde | Temakveld hjort | Alf, Reidun |

OKTOBER

| | | | |
|---------|------------|---|---------------------|
| 10. | Gardermoen | Utvalsmøte medlemskategoriar (sentralt) | Alf |
| 13. | Skei | Møte i jaktstkyttarutvalet | Jaktstkyttarutvalet |
| 21.-23. | Luster | Hjortejakt for ungdom | August |
| 22. | Hyen | Hjortejakt for damer | Elin Karin |
| 31. | Skype | Utvalsmøte medlemskategoriar (sentralt) | Alf |

NOVEMBER

| | | | |
|--------|-----------|--|------------------|
| 10. | Førde | Planleggingsmøte viltseminar | Geir, Reidun |
| 4. | Tlf. møte | Planleggingsmøte artsfiskekurs | Morten, Ragnvald |
| 11. | Jølster | Møte i ettersøksutvalet | Ettersøksutvalet |
| 14. | Tlf. møte | Planleggingsmøte artsfiskekurs | Morten, Ragnvald |
| 14. | Skype | Planleggingsmøte villmarksleir | Reidun |
| 18.-19 | Flå | Fylkeslederkonferanse / RS | Alf |
| 21. | Skype | Styremøte | Styret, Reidun |
| 22. | Skei | Møte i jakthundutvalet | Jakthundutvalet |
| 23. | Skei | Jobbintervju FNF-stilling | Alf |
| 24. | Breim | Sosialisering- og treningskveld jakthundar | Trude, Rudi |
| 30. | Skei | Møte med Sogn og Fjordane Fylkeskommune | Geir, Reidun |

DESEMBER

| | | | |
|-----|-------|--|---------------------|
| 6. | Skype | Ad hoc møte om årsmøte og foreningsløftet | Alf, Bjarne, Reidun |
| 8. | Breim | Sosialisering- og treningskveld jakthundar | Trude, Rudi |
| 12. | Skei | Styremøte | Styret, Reidun |

UTVIKLINGSAVTALE MED SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Fylkeskommunen sine mål i avtala:

- Alle i Sogn og Fjordane skal ha høve til å drive friluftsliv
- Vilt- og fiskeressursane skal vere grunnlag for eit variert jakt- og fisketilbod og utvikling av næringsverksemd.

NJFF Sogn og Fjordane sine mål i avtala:

- Arbeide for dei norske jakt- og fiskeinteressene slik at utøvinga bidreg til god livskvalitet og helse
- Ta i vare naturen for å sikre levedyktige og haustingsverdige bestandar av vilt og fisk
- Sikre ålmenta gode jakt- og fiskemoglegheiter.

1. Driftsstønad
2. Prosjektstønad til utviklingstiltak:

- a) Rekruttering til jakt, fiske og friluftsliv. Mål: Årleg oppslutnad av 100 nye personar
- b) Human jakt. Mål: Årleg oppslutnad på 60 jegerar
- c) Modell for småviltforvaltning. Utvikle modellar for småviltforvaltning og skaffe betre kunnskap om småviltbestandane i Sogn og Fjordane

OPPLÆRINGSVERKSEMD – KOMPETANSEHEVING

Instruktørkurs flugekasting

20.-22. april, Sogndal. 7 deltakarar. Kursleiar: FI Flugekasting i Hordaland, Cato Vivelid Nilssen.

Instruktørkurs Hagle

2.-3. april, Grovastøylen i Flora. 13 deltakarar. Kursleiar: FI Hagle Per Gunnestad

Dommarkurs Hagle

30. april - 1. mai, Leikanger. 5 deltakarar. Kursleiar: FI Hagle Per Gunnestad

Kurs taksering skogsfugl

Avlyst

Instruktørkurs Aversjon

Avlyst pga få deltakarar.

Oppdaterings Aversjon

6. februar, Førde. 2 deltakarar. Kursleiar: FI Aversjon Knut Broberg

Grunnkurs jakthund

Avlyst pga få deltakarar.

Instruktørkurs Jakthunddressur

Avlyst pga få deltakarar.

Instruktørkurs Ettersøk

Avlyst pga få deltakarar.

Fagdag Ettersøk

6. februar, Skei. 90 deltakarar. Ansvarleg: Ettersøksutvalet.

Temakveld smårovvilt

28. april, Skei. 35 deltakarar. Ansvarleg: Geir Haukaas. Forelesar: Ivar Rimul.

Temakveld hjort

21. august, Førde. Ca 60 deltakarar. Arr: NJFF Sogn og Fjordane, Førde JFL og Førde Bibliotek. Ansvarleg: Geir Haukaas. Forelesar: Rolf Langvatn

Slaktekurs

18. august, Luster. I samarbeid med Luster jfl. 10 deltakarar. Kursleiar: August Evensen.

Opplæringsjakt på hjort for ungdom

21.-23. oktober, Luster. 9 deltakarar. I samarbeid med Luster jfl. Kursleiar: August Evensen.

Hjortejakt for jenter

22. oktober, Hyen. 13 deltakarar. I samarbeid med Hyen jfl. Kursleiar: Jenteutvalet v Elin Karin Aa Hope.

Elgjakt for jenter

5.-8. oktober, Finnskogen. 6 deltakarar. Kursleiar: jenteutvalet ved Randi Alsaker

Revejakt med hund

27.-28. februar, Kalvåg. 7 deltakara. Kursleiar: Jakthundutvalet ved Odd Rune Våge

Andejakt med hund

27.-28. august, Mo, Førde. 2 deltakara. Kursleiar: Jakthundutvalet ved Leif Magne Aarnes

Kurs i bruk av bandhund til hjortejakt

22.-24. april, Gulen. 3 deltakara. Kursleiar: Jakthundutvalet ved Bjørn Henry Marthinussen.

20.-21. august, Gulen. 3 deltakara. Kursleiar: Jakthundutvalet ved Bjørn Henry Marthinussen.

Portalkurs

2. mars, Sogndal. 10 gdelaktakarar. Kursleiar: Håvard Skjerstad Andersen.

10. mars, Førde. 5 deltakarar. Kursleiar: Håvar Espelund (Luster jfl)

14. mars, Nordfjordeid. 6 deltakarar. Kursleiar: Reidun Solberg Seim

REKRUTTERINGSARBEID OG MEDLEMSPLEIE**Heiderspris**

Vert delt ut til ein enkeltperson for eit langt og stort engasjement i eit lokalt jakt- og fiskelag, fylkeslaget eller på landsnivå.

2007: Torger Eimhjellen

2008: Svein Inge Lundheim

2009: Bjarne Huseklepp

2010: Oskar Holme

2011: Svein Arne Forfod

2012: Morten Jacobsen

2013: ikkje utdelt

2014: ikkje utdelt

2015: Vidar Moen

2016: ikkje utdelt

Barne- og ungdomsprisen

Vert delt ut til eit lokalt jakt- og fiskelag eller enkeltperson i Sogn og Fjordane som har utført eit godt barne- og ungdomsarbeid i laget i året som gjekk.

2001: Sjørgulen jfl

2002: Stryn og Hornindal jspfl

2003: Flora jfl

2004: Leikanger jfl

2005: Leikanger jfl

2006: Flora jfl

2007: Eid jfl

2008: Stryn og Hornindal jspfl og Askvoll og Holmedal jfl

2009: Leikanger jfl

2011: Gloppen jfl, Hyen jfl og Førde jfl
 2012: Leikanger jfl
 2013: Leikanger jfl
 2014: Vik jfl
 2015: Henning Fureli, Hyllestad jfl

NJFF sin innsatsmedalje

2015: Svein Inge Lundheim, Leikanger
 2016: Ove Bjørlo, Eid

Fylkesleir for ungdom 11-15 år

10.-12. juni på Nesholmen i Hyen. Arrangører: Førde jfl, Hyen jfl, Gloppen jfl og fylkeslaget.
 75 deltakarar, 34 vaksne instruktørar. Aktivitetar: skyting med hagle, rifle, salong, fiske, flugekasting, flugebinding, garnfiske, fiskestell, skytesimulator, fiskesimulator, flåing av mår, fellefangst, kano, bading, aktivitetssti, mat på bål, friluftsliv, telt og lavvo. Ansvarleg: Alf, Geir, Reidun og lokallaga

Villmarksleir for ungdom 15+

19.-21. februar, Nordfjord Fritidssenter i Stryn. Arrangør: NJFF Sogn og Fjordane, NJFF Hordaland. 17 deltakarar, 6 vaksne leiarar. Aktivitetar: skitrekking, zipline, skyting, skitur, isfiske, overnatting ute i gapahuk, mat på bål mm. Ansvarleg: Alf og Reidun og medarrangørar.

Fuglehundar

Treningsterreng Gaularfjellet: Langestølsterreng og Thorsnesstøylterreng. Kort for trening av fuglehund i tidsperioden 15.10 – 31.03 /01.01. – 31.03. Unntak er palme- og påskehelg. Jakt er forbode. Kart og informasjon finn ein på fylkeslaget si heimeside under jakthund.

Vintersamling med klubbmeisterskap 5.-7. februar, Gaularfjell. 15 deltakarar. Ansvarleg: Fuglehundutvalet
Gaularfjellprøven: ståande fuglehund, høg fjell vinter 26.-28. februar. Totalt 80 startar på 2 dagar.
 Ansvarleg: Bertil Olsbø og Fuglehundutvalet

Jakthundar

5 kveldar med sosialisering og trening for jakthund og eigar. Antal deltakarar: ca 50. Ansvarleg: Fagansvarleg hund Trude M Kvamme og FI Jakthunddressur Rudi Sønnervik.

Friluftsmoro

NJFF Sogn og Fjordane, 4H Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag og FNF Sogn og Fjordane danna ei planleggingsgruppe for Friluftsmoro 20.-29. mai, der lokale jakt- og fiskelag og 14 andre organisasjonar arrangerte lågterskel-aktivitetar over heile Sogn og Fjordane. Totalt vart det arrangert 19 ulike aktivitetar, med 34 ulike lag, nokre var med på fleire aktivitetar.

Jaktskyting

Sogn og Fjordane Cup i jegertrap. Resultat i vedlegg. Våpenloftet cup, jaktfelt. Resultat i vedlegg
 Koordinasjon av skytestevner, koordinere jaktskytingens dag: 6 arrangørslag, ca 70 deltakarar.
 Vinnarar av FM og LM i vedlegg til årsmeldinga. LM = Landsdelsmeisterskap, FM = Fylkesmeisterskap.
 Ansvarleg: Jaktskyttarutvalet

Måling av gevir 2016

Hjort: 20 totalt, herav 3 gull, 10 sølv og 7 bronse
 Villrein: 10 totalt, herav 7 gull og 3 sølv
 Rådyr: 8 totalt, herav 4 gull og 4 sølv
 Bever: 5 totalt, herav 2 gull, 1 sølv og 2 bronse
 Ansvarleg: Trofédommar Knut Øyvind Marås

Medlemsfordeler:

Den største medlemsfordelen har vi som sterk organisasjon med påverknadskraft i saker som omhandlar jakt, fiske og friluftsliv.

I tillegg til dei sentrale og lokale medlemsfordelane har fylkeslaget inngått fordelar hjå:

- 15% rabatt på sikkerhetsbekledning hjå NorTeam Engros
- 10% rabattar hjå Din Sport i Førde
- 10% rabatt på skyting i simulator hjå Lunde Turiststasjon
- 20% rabatt hjå Bjarne Huseklepp Fiskeskule

PLANARBEID, FORVALTNING OG HØYRINGAR***Vilt og viltforvaltning (utenom rovvilt)***

- Uttale saman med FNF mot bygging av turisthytte i villreinområde på Sunndalssetra i Stryn.
- Uttale vedr endring av forskrift om utøving av jakt, felling og fangst
- Uttale saman med FNF til regional plan for Ottadalen
- Taksering av rype og storfugl på Gaularfjell. Ansvarleg: Knut Broberg
- Fellefangst i forvaltningsområdet på Gaularfjell. Ansvarleg: Rune Olsbø/ Fuglehundutvalet
- Bestandsregistrering av oter. På artsobservasjoner.no

Rovvilt:

- Predatorkonkurranse. Ansvarleg: Geir Haukaas
- Kontaktutvalet for store rovdyr i Sogn og Fjordane. Ansvarleg: fylkessekretær

Vassdragsaker

- Deltakar i referansegruppe for EU sitt vassdirektiv
- Uttale saman med FNF til regional plan for vassforvaltning i Sogn og Fjordane.
- Uttale saman med FNF til Øyande Kraftverk i Fortunselva i Luster, endring konsesjonssøknad.
- Deltakar Sogn Villaksråd

Fylkeskommunale planar:

- Uttale saman med FNF om revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane.

Ettersøk

- Arbeid opp mot ettersøksringane i fylket og fylkeskommunen og andre instansar. Ansvarleg: FI Ettersøk Rudi Sønnervik og ettersøksutvalet
- Arbeid med standardavtale ettersøksjeger – kommune. Ansvarleg: Rudi Sønnervik

Ettersøksundersøking

Ettersøksundersøkinga er inne i sitt siste år og vert avslutta i første halvdel av 2017.

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)

- Bjarne Huseklepp er med i arbeidsutvalet (AU) for FNF, med leiar som vara.

ORGANISASJON OG INFORMASJON

Styremøter:

Det er halde 8 styremøter og handsama 76 saker.

Årsmøte

11.-12.mars, Vik. Totalt 24 delegatar med røysterett: 18 delegatar frå lokallaga og 6 frå fylkesstyret. I tillegg møtte fylkessekretær, styreleiar i forbundsstyret Runar Rugtvedt og fritidsfiskekonsulent Steinar Paulsen frå NJFF.

Informasjon

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga og fylkesinstruktørar. Styret har sendt ut på epost til medlemmer og lokallaga «Jeger og Fisker» ca. 1 gong i månaden. Nettsida til fylkeslaget www.njff.no/sognogfjordane blir brukt til å legge ut informasjon på, samt på facebook. Fylkeslaget har 2 Facebook-kontoar, ei gruppe som heiter NJFF Jenter (Sogn og Fjordane) og ei NJFF Sogn og Fjordane. I tillegg vert facebookgruppa «lokallag i Sogn og Fjordane» flittig brukt.

iNatur

NJFF er medeigar i portalen www.inatur.no der ein kan kjøpe jaktkort, fiskekort og leige hytte. Lokallag som har tilbod her: Årdal jff, Gaular jfl, Naustdal jfl.

Samarbeid

Rovvilt – fylkesmannen og fellingslaget for store rovdyr i S og Fj.
 Vilt – fylkeskommunen, fylkesmannen, skogeigarlaget, bondelaget, Norsk Hjortesenter, FNF
 Fisk – fylkesmannen, fylkeskommunen, Sogn Villaksråd, skogeigarlaget, bondelaget, FNF
 Eppersøk – Eppersøksringane i S og Fj, fylkeskommunen
 Barn og ungdom – 4H
 Friluftsliv – Friluftsmoro saman med 14 andre lag og organisasjonar, FNF



ÅRSMELDING UNGDOMSANSVARLEG / UNGDOMSUTVAL

Som ungdomsansvarleg har ein hovudfokus på og for ungdomsarbeid i organisasjonen. Det inneber blant anna at ein utarbeider ein årleg handlingsplan i samråd med utvalet sitt, som vidarebehandlast i styret og årsmøtet. Dette vert eit levande arbeidsdokument gjennom året og skal sikre kontinuitet i aktivitetane.

Handlingsplanen har som mål å ha god spredning i typar aktivitet gjennom året og være tilpassa ulike aldersgrupper. Den inngår i NJFF S og FJ sin hovudhandlingsplan.

Medlemmer i utvalet har i 2016 vore: Øystein Osland, August Johan Evensen, Geir Ove Dvergsdal og Gry Helene Haukereid

Vi har i året som gjekk rekruttert til utvalet for å auke fleksibilitet, tilgjengelighet og gjennomføringsevne i aktivitetar gjennom året.

Sogn og Fjordane er eit stort fylke med mange nes og viker må forserast for å møtast, derfor har mykje av reisetida vore spart inn ved å ha diskusjonar og samtalar på fb gruppa vår «Ungdomsutvalget S og Fj». Her kan ein dele informasjon og utarbeide planar.

Det vart arrangert eit fellesmøte for utvalet i fjor haust i Sogndal si fiskehytte for å gjennomgå handlingsplan og budsjett. Vi takkar Sogndal Jeger og Sportsfiskarlag for imøtekommande og god service.

Pr 31.12.16 har NJFF Sogn og Fjordane 752 unge medlemmer (opptil 25 år). Av desse er 221 medlemmer i fiskeklubben (opptil 12 år) og 262 medlemmer i UNG (mellom 13-18 år)

I utvikling av utvalet sin aktivitet og medlemsmasse kan det være interessant å sjå nærare på aktivitetar som kan famne fleire i familien og dermed gjere det lettare å engasjere og auke aktiviteten, både i type, antal deltakarar og antal arrangement.

Aktivitetar som har hatt og framleis vert gjennomført med stor suksess er Fylkesleiren for ungdom på våren (NJFF Sogn og Fjordane i samarbeid med lokale foreiningar) og Vintercampen i samarbeid med NJFF Hordaland.

Desse er kjenneteikna av mykje glede, engasjement, stor profesjonalitet og erfarne arrangørar. «Never change a winning team» heiter det og oppfordringa kan være å dra lærdom av suksessfaktorane frå desse arrangementa for å overføre til andre arrangement og nye spanande lokasjonar.

På Hausten har det i seinare år vore arrangert svært gode og spanande «jaktpakkar» i regi av August og i samarbeid med den lokale foreininga i Luster.

NJFF Sogn og Fjordane har ein administrasjon (Reidun) som alltid er tilgjengeleg, hjelpsam og engasjert. Styret elles er ein samensatt gruppe fra ulike delar av fylke, ulike i alder, bakgrunn og med sine kjepphestar. Ein svært hyggeleg «familie» som er lett å finne tonen med og sin plass ved bordet.

Ønsker arvtakar lykke til i vervet!

Med venleg helsing
Gry Helene Haukereid
- Ungdomsansvarleg -



ÅRSMELDING KVINNEKONTAKT OG JENTEUTVALET

Laurdagen med hjortejakt for jenter i Hyen 22.10.2016 var atter ein gang stor suksess. Ca 10 deltakarar jakta i lag med jaktlaget på Hope. Det var ein nydeleg haustdag med sol og hjortebrøl rundt oss alle stadar. Vi såg fleire dyr, men var uheldige med trekken og dyra kom ikkje heilt fram til postane. Mange fekk i alle fall opp pulsen ☺. Servering av varm lunsj på Hopsstøylen. Vi planlegg ny hjortejakt i Hyen hausten 2017.

Det har elles vore litt laber aktivitet i dette utvalet siste året pga sjukdom og barselpermisjon. Vi hadde planlagt ei jentesamlingshelg med fokus på hund, men denne måtte avlysast på grunn av lite påmeldingar. Håpar på litt større aktivitet og oppslutning rundt aktivitetane i året som kjem. Då har vi planar om både fisketurar, feltkontrollørkurs, parteringskurs/matkurs etc.



Med venleg helsing
Randi Alsaker og Elin Karin Aa Hope

ÅRSMELDING FAGANSVARLEG FISK

Dialog med Balestrand JFL angående søknad frå Osland havbruk om dispensasjon fra kommunedelplan, arealdelen, for å etablere oppdrettslokalitet i sjøområde mellom Kvist og Lånefjorden i Balestrand kommune. Uttale i media med oppfordring til politikkerne i Balestrand kommune om å sei nei til søknaden.

Utarbeidet uttale frå NJFF Sogn og Fjordane til Nordfjord Laks sin søknad om dispensasjon frå kommuneplanen, Gloppen kommune (frist 01.02.2017).

Barn og ungdom

Planlagt (lakse)fiske camp for ungdom i Vikja i juni, samarbeid med ungdomsansvarlig. Måtte avlyses grunnet for få påmeldte.

Deltagelse i Sogn Villaksråd

Har sittet som varamedlem i 2016. Deltatt aktiv i å skaffe midler til prosjekt *Kartlegging av genetisk påvirkning fra oppdrettlaks på villaks*. Viktig prosjekt for å kartlegge hvilken påvirkning oppdrettsnæringen har på anadrom fisk i Sognefjorden. Oppstart av prosjektet i 2017.

Fiskeveiledere

Deltatt på fiskeveileder samling i Ålesund i april, saman med fiskeveileder Ragnvald Loven.

Planlegging av artsfiske/vindusfiske kurs som skal gjennomføres i Vik i april 2017, saman med Ragnvald Loven.

Fiskeveiledere har vert Otto Åge Bergstrøm (Florø) og Ragnvald Loven (Sogndal).

Eg kom inn i styret som «vikar» for 5 år siden, har sittet nå i 2,5 perioder. Vervet krever sitt og eg føler vel at eg ikkje har fått utrettet alt som kreves av dette vervet. Når ein er i full jobb og vervet også føles som full stilling til tider, så rekker ein ikkje over alle høringar, uttalelser etc. Spesielt vanskelig blir det når en ikkje har mulighet til å vere tilgjengelig på kontor/pc til ein kvar tid. Iht dei krav som settes til vervet burde dette vore ein viss lønnet stillingsprosent.

Takk for meg, og lykke til vidare!

Med venleg helsing
Morten Jacobsen
- Fagansvarleg Fisk -

ÅRSMELDING FAGLEIAR HUND

I år starta vi opp med et par fellesmøter for alle hundeutvala i fylkeslaget, der vi hørte kvarandre sine planar for året, og såg på kva vi kunne samarbeide om. Vi prøvde også i år å lage ei felles Jakthund samling på tvers av utvala. Tilbodet meiner vi var bra, men det vart for få påmeldte til at vi kunne gjennomføre dette, så vart dessverre avlyst.

Både Fuglehund-, Ettersøk- og Jakthundutvalet jobbar godt og bidrar til aktivitet i fylket. Noko som er veldig kjekt å sjå, er at aktiviteten sakte, men sikkert aukar. Dette ser vi godt på folderen vi no har begynt å lage, der vi samlar all jakthund aktivitet som skjer i fylket. Lokallaga kjem også med sine aktivitetar, og nye aktivitetar og kurs tar form. Vi har no alt frå sosialisering-/treningskveldar, jakt, kurs og jaktprøver på aktivitetsplanen.

Fagansvarleg hund har i år deltatt på Fagdag Ettersøk på Skei, Ettersøksseminar på Jakt og Fiskesenteret på Flå. Samt vært hjelpe instruktør på fleire kurs både på Flå og rundt om i landet.

Noko som er veldig givande og ein lærer alltid litt nytt når ein treffer andre i hundemiljøet.

Som fagansvarleg hund ønsker eg her også, å oppfordre lokallaga til å utdanne instruktørar innan hund, enten det er Ettersøk, Dressur eller Aversjon, treng vi gjerne fleire. Og er det noko, er det berre å ta kontakt med Fagansvarleg hund, eller med leiaren i Fuglehund-, Ettersøk- og Jakthundutvalet, som gjerne bidrar med det dei kan. Jo fleire tilbakemeldingar vi får, jo lettere blir det å lage tilbud og aktivitetar som er ønskelige.



Med venleg helsing
Trude Mari Kvamme
- Fagansvarleg Hund -

ÅRSMELDING FAGANSVARLEG VILT

Etter to år med predatorkonkurransen for medlemmene i lokallaga i NJFF Sogn og Fjordane, valde vi å avslutte dette i 2016. I dei to åra vi hadde fylkeskonkurransen vart det til saman innmeldt: 88 Raudrevar, 82 Mårar, 13 Mink, 23 Røyskattar og ca 150 Kråker, Skjor og Ravn.

Eit svært godt resultat som nok heilt sikkert har vore med på å gje ryper og orrfugl eit litt betre oppveksttilhøve i dei aktuelle områda.

Håpet mitt var at mange lokallag ville starte opp sin eigen konkurranse når vi slutta med den fylkesdekkande konkurransen, nokre lag har eigen konkurranse men her er ein god ide til å skape litt meir aktivitet i lokallaga.

Om det er lokallag som har lyst å starte sin eigen predatorkonkurransen kan ein skrive ein kort søknad til NJFF Sogn og Fjordane og søke om **kr 1000** til konkurransepremiar.

I vår hadde vi ein kveld på Skei der Ivar Rimul frå jakt i værnes prosjektet kom og orienterte om dette prosjektet. På dei åra dette prosjektet har gått har dei så langt skote over 700 raudrevar og dei kan sjå ein god auke i rypebestanden sjølv i dårlege rypeår.

I september hadde NJFF Sogn og Fjordane i samarbeid med kulturkontoret eit lite hjorteseminar der hjorteforskar Rolf Langvatn var og foreleste.

Elles har eg vore med og arbeidd fram hytteavtala med KFUM/KFUK på Gaularfjellet, håpar dette vil vere eit kjekt tilbod til medlemmane våre, hytta ligg midt i treningsområdet for fuglehundar som ein har på Gaularfjellet.

Med ønskje om eit godt nytt jaktår.



Med venleg helsing
Geir Haukaas
- Fagansvarleg vilt -

ÅRSMELDING JAKTSKYTTARUTVALET

Jaktskyttarutvalet har i 2016 bestått av fire representantar: Atle Lunde (Jølster jfl), Per Tore Taklo (Eid jfl), Per Gunnestad (Luster jfl), og leiar Svein Inge Lundheim (Leikanger jfl).

Det har vore eit møte i utvalet i 2016, der alle lag var inviterte til å vera med på oppsettinga av terminlista for jaktskyting i 2017 og evaluering av «*jaktskytingens dag*» og *reglane i cup'ane*.

Skyteaktiviteten har vore som tidlegare år. «*Sogn og Fjordane cup*» i jegertrap er stabil og har med alle 5 laga frå heile fylke. Eid jfl (3), Askvoll jfl (3), Luster jfl (1), Leikanger jfl (1) og Årdal jfl (1) arrangerte til saman 9 stk 50skot stemmer. Det er sett opp 2 stk vandrepokalar i «*Sogn og Fjordane cup*». «*Serievinnar*» (5 beste stemmer i innledande skyting) vart vunen av Arild Grytten (Askvoll jfl). med 243tr.

«Cupvinnar» (beste skyttar i finalen) vart vunnen av Gunnar Leknes (Askvoll jfl) med 24 treff i finalen etter omskyting mot Kristian Natvik (Årdal jfl), Frode Husum (Leikanger jfl), Eirik Leknes (Askvoll jfl), Arild Grytten (Askvoll jfl) og Magnar Terje Leknes (Askvoll jfl). Finalen gjekk i Askvoll den 21. august. (Meir resultat og premiefordeling i vedlegg.)

I leirduesti var det berre Eid jfl som arrangerte stemne.

I Rifleskyting er det berre skyteaktivitet i Fjordane. I jaktfelt er det størst aktivitet med 3 arrangørslag. Eid jfl arrangerer 3 stemner og Hyen jfl og Jølster jfl eit kvar. Alle stemna var med i «Våpenlofte cup» og beste skyttar i cupen vart Magnar Nytingnes (Eid jfl) med 434p. etter dei 3 beste stemnene (meir resultat og premiefordeling i vedlegg).

I elgskyting var det Førde jfl som har arrangert 1 stemne, FM/ LM. I nordisk jakttskyting arrangerte Førde jfl 1 stemne FM/LM . Som ein ser er det liten skyteaktivitet i elgskyting og nordisk-jakttskyting for tida. Alle lag som har moglegheit for å arrangera elgskyting og nordisk-jakttskyting bør arrangera stemner for å få opp att aktiviteten.

Også i 2016 fekk jakttskyttarutvalet tildelt midlar frå Fylkeskommunen som skulle brukast til rekruttering i jakttskyting. Utvalet beslutta å vidareføra «Jakttskytingens dag». Alle lokallag vart inviterte til å vera med å arrangera «Jakttskytingens dag» lokalt med gratis hagle- og rifleskyting kombinert med gratis severing av vafler, kaffi og grilling av pølser. Det var berre Leikanger jfl, Flora jff, Askvoll jfl og Gloppen jfl som var med å arrangera med tilsaman 60 deltakarar.

Innrapportering av stemneresultata har i 2016 har vore 100%, som er svært bra!

Det er viktig at alle resultatata er med, slik att "klasseføringskortet" vert rett.

Oversikt over "plakettvinnarar" i FM – LM som er arrangerte av lag frå Sogn og Fjordane i 2016 i vedlegg.

Til slutt vil eg takke alle arrangørane og dei aktive for ein god innsats i året som har gått!

Med venleg helsing
Svein Inge Lundheim
- Leiar Jakttskyttarutvalet -



ÅRSMELDING JAKTHUNDUTVALET

Året starta med revejakt på Kalvåg, med heile 7 jegerere og 4 hundar som jakta ei helg på nyåret. Reven var slu og sprek, lot seg observere, men ville ikkje være med jegerane heim denne gangen. Men ei flott helg på kysten vart det likevel.

Tidleg på året sette vi også i gang sosialisering-/ treningskveldar for jakthund, i ridehallen på Fjordhestgarden, på Breim. Dette gjekk over all forventning, og vi hadde rundt 8-10 deltakarar kvar gang. Ivrigte, flinke og kjekke jakthundar i mange rasar, alder og størrelsar, med eigarane sine. I år slo vi til med to bandhundkurs på hjortevilt, desse blei holdt i Brosvika i Gulen. Der fekk deltakarane ei kort innføring av jaktprøvereglar, og andre ting dei eventuelt lurte på, før det bar til skogs med demonstrasjon av rutinert bandhund, før dei resten av helga brukte egne hundar. Bjørn H. var ein tur til Svelgen, der han var med på Jegerprøvekurs med demonstrasjon av sporing med hund.

Nok ein gang prøvde vi oss på ei felles Jakthund samling, men nok ein gang blei det for få påmeldte, og denne blei avlyst.

Men i august blei det hold andejakt med hund på Mo. Få deltakarar, men vel gjennomført. Dei fekk prøve ulike jaktformer på and, både snikjakt og støkkjakt. Det blei skutt and, og då fekk dei være med på bruk av hund på andejakt.

Vi avslutta året med eit par sosialisering-/treningskveldar på Breim, og oppmøte var bra, også på slutten av året. Så dette blir det nok meir av i 2017 også. Veldig kjekt at så mange kjem.

Året i år var bra, berre ein aktivitet blei avlyst, og resten klarte vi å gjennomføre. Vi fikk også laga ein folder der vi samla all jakthundaktivitet i fylket, og sendt rundt. Vi oppfordar lokalkala til å utdanne eigne instruktører innen dressur, ettersøk eller aversjon. Eller bruke dei forskjellige utvala i fylkeslaget, som har med hund å gjere om det er ønskelig i. Vi er her for dykk, og stiller opp så langt det lar seg gjere.

Vi ønsker å jobbe vidare for å skape meir jakthund miljø i NJFF Sogn og Fjordane. Så ikkje nøl med å kontakte oss, om det er noko du eller ditt lokallag tenker på.

Med venleg helsing
Trude Mari Kvamme
- Leiar Jakthundutvalet -



ÅRSMELDING ETTERSØKSUTVALET

Har bestått av Rudi Sønnarvik (leiar 1. kvartal), Bente Skrede (permisjon), Birger Hogrenning, Eivind Antonisen, Trude M. Kvamme (2. halvår) og Ann-Kristin Gaare (leiar frå 2. kvartal)

Ettersøksutvalet arrangerte Fagdag Ettersøk på Skei 6. februar med godt oppmøte. Neste fagdag vert i 2018.

Det vart ikkje arrangert Vidaregåande kurs ettersøk i 2016 som først planlagt, dette grunna kollisjon med andre arrangement. Vidaregåande kurs vart flytta til mars 2017.

Det har ikkje vore enkelt å få samla alle medlemmane til møte, vi har hatt 2 arbeidsmøter med 3 medlemmar i 2016 og eit møte i mars saman med hundeutvalet, øvrig dialog går via meldinger på Messenger-gruppe.

Underteikna overtok som leiar i april.



Med venleg helsing
Ann-Kristin Gaare
- Leiar Ettersøksutvalet -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR HAGLE

Jeg har avholdt instruktørkurs i hageskyting i Florø, med 13 deltagere. Har holdt dommerkurs på Leikanger, med 5 deltagere. Jeg deltok på åpningen av skytebanen i Høyanger, et flott anlegg. Jeg var med på premieutdeling Sogn og Fjordane Cup.



Med venleg helsing
Per Gunnestad
- FI Hagle -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR TAKSERING

Det har ikke vært aktivitet i 2016 i funksjonen som FI-taksering småvilt. Det har ikke vært forespørsel om kurs mv hverken i eget distrikt eller fra andre distrikt.

Med venleg helsing
Knut Broberg
- FI Taksering -

ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØK

Det vart ikkje utdanna nye instruktørar innan ettersøk i fylke dette året men det vart planlagt oppdatering på våre eksisterande instruktørar i 2017

Fylkesinstruktør var i 2016 inn leigd til Jakt-og fiskesenteret ved Flå, der han gjennomførte 8 kurs innan ettersøk. Desse kursa var vidaregåande kurs ettersøk, grunnkurs ettersøk og utdanning av nye instruktørar fordelt utover i landet.

Fylkesinstruktør set i ettersøksutvalet og hadde innlegg på fagdag ettersøk

Fylkesinstruktør var ved to anledningar i NRK Sogn og Fjordane i 2016. Tema var trafikkettersøk, førebygging av uhell og litt om kva som ligg i i drive med ettersøk av skadd hjortevilt i vårt fylke.

Med venleg helsing

Rudi Sønnervik

- FI Ettersøk -



ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR AVERSJON

I 2016 har vi gjennomført oppdateringskurs for de siste instruktørene i Sogn og Fjordane. Dette innebærer at alle instruktørene i fylket har gjennomført regodkjenning iht. de sentrale retningslinjer. 1 av de sist utdannede instruktører har i mellomtiden falt fra.

Det har ikke vært forespørsler om utdanning av nye instruktører. Det har derfor ikke blitt utdannet nye instruktører i fylket.

For 2017 blir det spennende å se om det kan la seg gjøre å etablere et tilbud på strømming av hund på hjort i samarbeid med hjortefarmen i Ålfoten.

Med venleg helsing

Knut Broberg

- FI Taksering -



ÅRSMELDING FYLKESINSTRUKTØR JAKTHUNDDRESSUR

Det vart ikkje avholdt instruktør utdanningskurs innan hundedressur i 2016 i vårt fylke. Tilbod om kurs vart lagt ut, men vart avlyst pga lite påmeldte.

Det vart i 2016 satt i gang eit flott tiltak av Fagansvarleg jakthund, med samlingar av jakthundar der sosialisering og kvardag dressur vart agenda.

Fylkesinstruktør dressur var instruktør på desse tre samlingane på Breim

Dette viste seg fort å verte ein suksess med mellom 10 til 15 hundar på kvar samling. Her hadde vi fokus først og fremst på den sosiale del av vårt hundehold.

Dette er eit tiltak som absolutt bør vidareførast både lokalt og ved slike fylkessamlingar.

Med venleg helsing
Rudi Sønnervik
- FI Jakthunddressur -

ÅRSMELDING FISKEVEGLEIAR

Eg har vore med på eit foreldrefiske kurs i Balestrand samt at eg var på fiskeveiledar samlinga i Ålesund. Har starta planlegging av artsfiskekurs i 2017.

Med venleg helsing
Ragnvald Loven
- Fiskevegleiar -



ÅRSMELDING TROFÉDOMMAR

I 2016 har det vore færre trofé til bedømming i Sogn og Fjordane. Årsaken kan vera fleire, men den viktigaste grunnen er nok kanseleringa av messa på Eid. Mange hadde gjort avtale med meg om at me skulle treffas der. Den vart avlyst, og eg håpar dei dukkar opp i Førde på Viltseminaret i 2017.

Bedømte trofè Sogn og Fjordane 2016:

20 hjortegevir: 3 gull, 10 sølv og 7 bronse
10 villreingevir: 7 gull og 3 sølv
8 rådyrgevir: 4 gull og 4 sølv
5 bevere: 2 gull, 1 sølv og 2 bronse

Har reist en del rundt i fylket. Deltok saman med Leikanger jfl på Eplekjekke dagar.

Andre aktivitetar utanom Sogn og Fjordane i året som har gått;

Eg har bedømt trofè på både De Nordiske jakt og fiskedagene på Elverum, samt Villmarksmessen på Lillestrøm.

35 utanlandske trofè har eg også bedømt.



Med venleg helsing
Knut Øyvind Marås
- Trofédommar -

REKNESKAP 2016

| | <i>Res-2015</i> | <i>Bud-2016</i> | <i>Res-2016</i> |
|---------------------------------------|----------------------|----------------------|--------------------|
| <u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u> | | | |
| 3100 Andel kontingent | -227 848,60 | -210 000,00 | -209 298,90 |
| 3110 Deltakaravgift | -90 840,00 | -255 250,00 | -89 610,00 |
| 3120 Salsinntekter effektar | -165,00 | | 0,00 |
| 3130 Kontingent | -57 436,00 | -57 000,00 | 0,00 |
| 3400 Tilskot NJFF | -5 000,00 | | -59 447,00 |
| 3401 Tilskot FM og FK | -110 000,00 | | -199 000,00 |
| 3402 Utviklingsavtale Driftstønad | -150 000,00 | -150 000,00 | 0,00 |
| 3403 Utviklingsavtale Rekruttering | -115 000,00 | -103 000,00 | -95 000,00 |
| 3404 Utviklingsavtale Human jakt | -100 000,00 | -90 000,00 | -100 000,00 |
| 3405 Utviklingsavtale Småviltforval | -50 000,00 | -40 000,00 | -50 000,00 |
| 3410 Andre tilskot | -149 565,00 | -173 220,00 | -14 864,82 |
| 3411 Grasrotandel | -309,20 | -400,00 | 0,00 |
| 3420 Momsrefusjon | -44 405,00 | -44 000,00 | -38 931,00 |
| 3620 Leige: treningsterreng | | -16 000,00 | -500,00 |
| SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT | -1 100 568,80 | -1 138 870,00 | -856 651,72 |
| <u>VAREKOSTNAD</u> | | | |
| 4300 Innkjøp effektar | 5 457,00 | 6 500,00 | 0,00 |
| 4390 Endring varelager | 723,00 | | 0,00 |
| SUM VAREKOSTNAD | 6 180,00 | 6 500,00 | 0,00 |
| <u>LØNSKOSTNAD</u> | | | |
| 5000 Honorar | 55 123,93 | 423 260,00 | 39 532,53 |
| 5901 Gåver til tillitsvalde og LL | 11 637,00 | 50 000,00 | 61 547,00 |
| SUM LØNSKOSTNAD | 66 760,93 | 473 260,00 | 101 079,53 |
| <u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u> | | | |
| 6300 Leige lokale | 52 184,00 | 80 000,00 | 64 049,63 |
| 6301 Leige av Gaularfjellet | 22 000,00 | | 5 000,00 |
| 6310 Feilføring | 2 000,00 | | 0,00 |
| 6500 Kjøp av utstyr, inventar | 11 843,00 | 59 500,00 | 18 526,50 |
| 6510 Kjøp av premiar | 49 119,50 | 66 750,00 | 21 382,00 |
| 6551 Datautstyr (hardware) | 16 539,15 | 20 000,00 | 11 240,31 |
| 6552 Programvare (software) | 1 879,00 | 5 000,00 | 2 444,00 |
| 6620 Reparasjon og vedlikehald utst | 135,00 | 1 000,00 | 0,00 |
| 6700 Kjøp av aktivitetar | 20 942,50 | 37 500,00 | 29 974,10 |
| 6710 Annonse | | 30 000,00 | 59 122,75 |
| 6800 Kontorrekvisita | 18 800,00 | 20 000,00 | 13 426,00 |
| 6840 Aviser, tidsskrift, bøker | 110,00 | 150,00 | 2 472,50 |
| 6850 Kursutgifter | -1 110,00 | 12 000,00 | 12 108,38 |
| 6860 mat, opphald | 195 299,90 | 273 600,00 | 217 025,56 |
| 6870 Utadretta verksemd | | 5 000,00 | 0,00 |
| 6900 Telefon og Internett | 42 797,23 | 35 000,00 | 29 244,77 |
| 6940 Porto | 662,10 | 1 100,00 | 3 461,00 |
| 7100 Bilgodtgjersle | 100 991,05 | 168 050,00 | 109 979,53 |
| 7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl. | 45 701,90 | 45 000,00 | 22 889,84 |
| 7460 Tilskot andre organisasjonar | | | 109 215,00 |
| 7500 Forsikring | 1 059,00 | 1 100,00 | 1 078,00 |

| | | | |
|----------------------------------|-------------|--------------|------------|
| 7770 Bank- og kortgebyr | 1 655,00 | 2 000,00 | 1 662,49 |
| SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD | 582 608,33 | 862 750,00 | 734 302,36 |
| SUM KOSTNADER | 655 549,26 | 1 342 510,00 | 835 381,89 |
| <u>FINANSIELLE POSTER</u> | | | |
| 8051 Renteinntekter | -8 233,00 | -10 000,00 | -34,00 |
| 8150 Annen rentekostnad | | | 110,29 |
| SUM FINANSIELLE POSTER | -8 233,00 | -10 000,00 | 76,29 |
| RESULTAT (Overskudd) | -453 252,54 | 193 640,00 | -21 193,54 |

NOTER 2016

NJFF Sogn og Fjordane

31.12.2016

Note 1 - Forklaring overskot i høve budsjett


I budsjettet for 2016 ligg det inne tilsetjing av medarbeider som skal jobbe med barn / ungdom, samt fag. Deler av første året skulle finansierast av tilskot / overskot frå 2015. Vi fekk ikkje fullfinansiert denne stillinga, og prosjektet er lagt ned.

BALANSE 2016


| | 2015 | 2016 |
|------------------------------------|---------------|---------------|
| <u>EIENDELER</u> | | |
| 1500 Kundefordringar | 23 580,00 | -27 075,00 |
| 1579 Andre kortsiktige krav | | 444 000,00 |
| 1920 Bankinnskot 3710.11.42737 | 123 046,05 | 104 714,34 |
| 1930 Kapitalkonto 3710.11.98201 | 1 064 240,35 | 784 240,35 |
| SUM EIENDELER | 1 210 866,40 | 1 305 879,69 |
| <u>EGENKAPITAL OG GJELD</u> | | |
| 2050 Annan eigenkapital | -1 210 866,40 | -1 210 866,40 |
| 2960 Påløpte kostnader | | -73 819,75 |
| Ikke disponert resultat for 2016 | | -21 193,54 |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | -1 210 866,40 | -1 305 879,69 |

MEDLEMSUTVIKLING


Medlemsutvikling NJFF -Sogn og Fjordane 1980 - 2016




NJFF Sogn og Fjordane 2016




Barn/unge og kvinner i NJFF Sogn og Fjordane




NJFF Sogn og Fjordane 2015



NJFF Sogn og Fjordane 2009



NJFF Sogn og Fjordane 2003



Statistikk Internett

| | Hits 2008 | Hits 2009 | Hits 2010 | Hits 2011 | Hits 2012 | Nr. i 2012 i forhold til visits | Hits 2013 | Nr. i 2013 i forhold til visits |
|--------------------------|-----------|-----------|-----------|-----------|-----------|------------------------------------|-----------|------------------------------------|
| NJFF Hedmark | 100.968 | 113.923 | 126.699 | 138.676 | 140.569 | 1 (47.989 visits) | 125.719 | 1 (45.714 visits) |
| Trondheim jff | | 93.965 | 108.519 | 122.711 | 109.397 | 2 (32.228 visits) | 95.191 | 2 (28.464 visits) |
| Bodø jff | | 91.539 | 88.824 | 87.865 | 92.423 | 3 (29.237 visits) | 86.454 | 3 (29.006 visits) |
| NJFF Østfold | | 74.534 | 73.381 | 90.755 | 91.442 | 4 (27.986 visits) | 92.039 | 4 (29.420 visits) |
| NJFF Akershus | 87.624 | 76.854 | 67.699 | 70.093 | 72.398 | 5 (27.355 visits) | 66.241 | 5 (26.451 visits) |
| | | | | | | | | |
| NJFF Sogn og Fjordane | 40.104 | 51.649 | 53.351 | 54.538 | 57.410 | 7 (22.466 visits) | 51.061 | 8 (21.286 visits) |
| Askvoll og Holmedal jfl | 448 | 5 588 | 6 418 | 9.845 | 9.210 | Nr. 78 | 7.525 | Nr. 86 |
| Aurland jfl | 129 | 2 680 | 3 801 | 4.820 | 5.357 | Nr. 112 | 4.946 | Nr. 108 |
| Førde jfl | | 3 874 | 4 478 | 3.382 | 4.557 | Nr. 160 | 3.683 | Nr. 144 |
| Flora jfl | 117 | 665 | 429 | 4.366 | 3.380 | Nr. 169 | 4.683 | Nr. 171 |
| Luster jfl | 383 | 3 569 | 3 117 | 2.883 | 3.143 | Nr. 166 | 2.793 | Nr. 172 |
| Leikanger jfl | | 2 217 | 4 040 | 3.299 | 3.352 | Nr. 163 | 3.353 | Nr. 173 |
| Lærdal jfl | | 2 336 | 2 572 | 2.214 | 3.313 | Nr. 181 | 3.270 | Nr. 180 |
| Eid jfl | 176 | 2 145 | 3 096 | 2.444 | 2.347 | Nr. 172 | 2.797 | Nr. 194 |
| Stryn og Hornindal jspfl | 573 | 3 895 | 3 001 | 2.224 | 1.882 | Nr. 173 | 1.735 | Nr. 199 |
| Balestrand jfl | | | | | 1.097 | Nr. 332 | 950 | Nr. 291 |
| Hyen jfl | 119 | 143 | 629 | 723 | 457 | Nr. 275 | 283 | Nr. 299 |
| Gaular jfl | 149 | 209 | 248 | 612 | 621 | Nr. 280 | 394 | Nr. 304 |
| Jølster jspfl | | 294 | 127 | 302 | 338 | Nr. 302 | 169 | Nr. 313 |
| Fjaler jsfl | | | | 347 | 301 | Nr. 311 | 572 | Nr. 315 |
| Gløppen jfl | | | | | 584 | Nr. 335 | 1.066 | Nr. 317 |

Tal frå 2014 - 2016 er ikkje råd å få tak i. Med ny leverandør vil vi forhåpentlegvis få tal for 2017

Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.16

| | | |
|----------------------|----------|-----------------|
| 1 Flatskjerm til PC | Samsung | 2008 |
| 1 berbar PC | Lenovo | 2014 (kasserar) |
| 1 berbar PC | Lenovo | 2015 (f.sekr) |
| 1 dockingstasjon | ThinkPad | 2015 |
| 1 Mobiltelefon | Samsung | 2015 |
| 1 skrivar/kopimaskin | Kyocera | 2015 |

Eigendelar knytta til Fuglehundutvalet

| | |
|---|--------|
| Startrevolver Kimar cal. 380/9mm, 2009 | 9 stk. |
| Skanner for chipmerking av hund | 1 stk. |
| Slagfeller mår, Cania, | ca 12 |
| Rottefeller, 8 av dei modifisert til røyskattfeller | 40 stk |
| Oppslagstavle + bossdunk. (plassert på GF) | (2) |

Taksering.

| | |
|---|------------|
| Refleksvest mrk. Taksering | 19 stk. |
| Hundedekken mrk Taksering | 15 stk. |
| Astro GPS halsbånd m gps håndsett | 2 stk. |
| Støkkmaskin | 1 stk. |
| Dressurhalsbånd (fjernkontroll på støkkmaskin) | 1 stk. |
| Div kurs utstyr (målbånd) | |
| Duekasser | 2 stk. |
| HundeGPS Garmin Astro | 2 stk 2012 |
| 1 stk Garmin Astro 320 + T5 hundepeiler komplett, 3 stk T5 sender, 3 skogsantenne, 3 kart, 3 antenne 2014 | |

Anna utstyr

| | |
|--|-------------------------------------|
| Skaphengar, (2000) | ca. 30 flytevestar (nokre nye 2014) |
| Målegevær | Mink - og mårfeller |
| 2 luftgevær | 10 stk. kompass |
| 2 stk. kulefanger, sjølvansisar | Balansetau frå slakkline.no (2008) |
| Gigant-lavvo (70 m2) | Buldrematte (2008) |
| 8-manns lavvo | 2 stk. presenning |
| 1 stk. militærtelt m/ omn. Firkanta m/ vindauge (16m2) | Øks, sag etc. |
| 2 stk lavvogamme 8 pers, 2014 | Bålpanne med utstyr (2014) |
| 10 makketroder utan snelle, 2000, 10 isfiskesett + isbor m.m. (2005) | |
| 7 sjøfiske/ferskvasstenger (2001) | |
| 6 ferskvasstenger (2001-2002) | |
| 3 sett junior haspelstenger Shimano (2008) | |
| 6 sett flugestenger, Vision 9'6" #7-8. (2000) | |
| 5 sett flugestong, Vision 5' (2011) | |
| 3 sett flugestenger Fenwick junior cumbo, 8' #5 (2008). | |
| 1 sett flugestong Guideline 9'3" #7 (2008) | |
| 1 sett flugestong, Vision 9'6" #8. (2008) | |
| 10 sett flugebindarutstyr, (2007) | |
| 10 sett flugebindarutstyr, (2009) | |
| 4 sett havfiske handsnøre (2012) | |
| 4 stk oter, | |
| Hov, | |
| klepp | |
| Kaffekjele | |

Årsplan for 2017

| 1. Utøving av jakt, fiske og anna friluftsliv | | | | |
|--|--|---|-------------|---------------------------------|
| 1.1 Det tradisjonsrike haustingsbaserte friluftslivet skal vere tilpassa samfunnsutviklinga og ha brei ålmenn godkjenning. | | | | |
| Mål: Kunnskap om og aksept for haustingsbasert friluftsliv skal stå sterkt i samfunnet. | | | | |
| Når | Tiltak | Korleis | Kvar | Ansvarleg |
| Året rundt | Målretta marknadsføring av NJFF Sogn og Fjordane sitt ståstad i saker og aktivitetar | Strategiplan for marknadsføring : Tid – kva media -kva sak – ansvarleg - | | Alle |
| Mål: Jegerar, fiskarar og andre friluftsutøvarar skal rekrutterast frå alle befolkningsgrupper | | | | |
| Mål: Jakt, fiske og anna friluftsliv skal utøvast på ein trygg og berekraftig måte | | | | |
| Året rundt | Fokusere på og invitere grupper som nye landsmenn, inaktive aldersgrupper mm | Søkje om midlar og invitere spesielt nye landsmenn på ungdomsleirar etc. | | Alle aktivitets-ansvarlege |
| | Oppfordre lokallaga til å ha aktivitetar for nye landsmenn | | | Reidun |
| | <i>Fiske:</i> | | | |
| 22.-23.04 | Vindusfiske / artfiskekurs | Samarbeid med Vik jfl. | Vik | Ragnvald |
| 23.-25.06 | Fiskecamp for ungdom | Fiske i elv, fjord, vatn. Samarbeid med Vik jfl | Vik | Ungdomsansv. |
| 25.-27.08 | Kurs i sjøaufisike | Samarbeid med Luster jfl | Jostedøla | August |
| | <i>Jakt og hund:</i> | | | |
| Året rundt | Prosjekt ettersøksundersøking | Få endå fleire ettersøksjegerar med. Slutføre ettersøksundersøkinga | | Rudi |
| Fleire datoar | Sosialisering- og treningskveld for jakthund og eigar: 09.02, 23.02, 09.3, 23.03, 06.04. | | Breim | Trude, Rudi |
| 11.-12.02 | Vintersamling fuglehund | Med klubbmeisterskap | Gaularfjell | Bertil |
| 25.-26.02 | Revejakt med hund | Samarbeid med Leikanger jfl | Leikanger | Odd Rune |
| 17.-18.03 | Viltseminar | Samarbeid med bondelaget, Vestskog, hjortesenter | Førde | Geir |
| 24.-26.03 | Vidaregåande kurs ettersøk | Samarbeid med Gulen jsfl | Gulen | Ettersøksutvalet og FI Ettersøk |
| 29.-30.04 | Bandhundkurs på hjortevilt | | Gulen | Bjørn Henry |
| 12.08 | Slaktekurs | Samarbeid med Luster jfl | Luster | August |
| 27.08 | Feltkontrollørkurs | Samarbeid med Skogkurs | Skei? | Randi |

| | | | | |
|--|---|---|--------------|------------------|
| 26.-27.08 | Bandhundkurs | Samarbeid med Gulen jsfl | Gulen | Bjørn Henry |
| 26-27.08 | Andejakt med hund | | Mo, Førde | Leif Magne |
| Sept | Tilberedning av hjortekjøtt / partering | Samarbeid med Balestrand jfl | Balestrand | Marit |
| 20.22.10 | Hjortejakt for ungdom, 14+ | Samarbeid med Luster jfl | Luster | August |
| 5-9.10 | Opplæringsjakt på elg for jenter | | Finnskogen | Randi |
| 21.10 | Kurs i fellefangst og flåing | Samarbeid med Luster jfl | Luster | August |
| 21.10 | Hjortejakt for jenter | Samarbeid med Hyen jfl | Hyen | Elin Karin |
| | <i>Anna friluftsliv:</i> | | | |
| 24.-26.02 | Villmarksleir for ungdom 15+ | Samarbeid med Hordaland. | Bergsdalen | |
| | Friluftsmoro i Sogn og Fjordane. Samarbeid alle friluftsg. i fylket | Arrangement i heile fylket, samarbeid med lokallaga | Heile fylket | Reidun |
| 9.-11.06 | Fylkesleir for ungdom 11- 15 år, Nesholmen | Samarbeid med Førde, Gloppen og Hyen jfl | Hyen | Ungdomsansv |
| Aug/sept | Garving av skinn | Samarbeid med Balestrand jfl | Balestrand | Marit |
| Mål: Lovgjeving og regulering av jakt, fiske, hundehald og anna friluftsliv skal vere i samsvar med NJFF sine interesser | | | | |
| Året rundt | Vere høyringsinstans | Gje høyringsuttalar i saker som er av vår interesse, spesielt fokus på oppdrett, vilt og fisk | | Alle |
| 1.2 Ålmenta skal ha god tilgang på jakt og fiske | | | | |
| Mål: Allemannsretten skal stå sterkt og sikre tilgong til naturen | | | | |
| Når | Tiltak | Korleis | Kvar | Ansvarleg |
| | Synleggjere moglegheitane med Inatur for lokallaga og medlemmer | Jeger- og Fiskerinfo: Skrive opp kva tilbod lokallaga våre har i dag | | Reidun |
| | Oversikt over tilbod lokallaga har | Nettside og Jeger- og Fiskerinfo. Eiga nettside? | | Reidun |
| 1.3 Naturgrunlaget skal vere godt ivaretatt gjennom berekraftig bruk og god forvaltning av haustbart overskot av vilt og fisk | | | | |
| Mål: Berekraftig bruk skal vere grunnleggande for forvaltning av naturen | | | | |
| Når | Tiltak | Korleis | Kvar | Ansvarleg |
| | Sikre berekraftig forvaltning av villaksen | Deltakar i Sogn Villaksråd | Sogn | Morten |
| | | Delta i satsingar frå sentralt, som bekjemping av gyro, midlar til kalking etc | | |
| | | Anmelde større rømmingar frå oppdrettsanlegg | | Morten |
| | | Deltakar i arbeidet med felles beredskapsplan rømming | | Morten |

| | | | | |
|---|--|--|-------------|-------------------------|
| | Konkrete tiltak for å sikre berekraftig forvaltning av lokale sjøaurestammar | Sikre gyteområder, bistå lokalt | | Morten |
| | Formidle kunnskap om berekraftig forvaltning av hønefugl | Pressemelding? | | Knut, fuglehundutvalet? |
| | Ha lokalt engasjement i arealforvaltning og inngrepssaker | Engasjement i FNF Sogn og Fjordane | | |
| | Ha engasjement vedr forvaltning av store rovdyr | Deltakar kontaktutvalet for rovvilt | | Reidun |
| | Forvaltningsprosjekt Gaularfjell | Taksering, fellefangst | Gaularfjell | Knut, Rune |
| 2. Organisasjonen | | | | |
| 2.1 NJFF skal vere ein sterk organisasjon som tar vare på medlemene sine interesser | | | | |
| Mål: NJFF sitt politiske arbeide og aktivitetar skal vere godt synleg i samfunnet og hjå medlemmer | | | | |
| Når | Tiltak | Korleis | Kvar | Ansvarleg |
| Året rundt | Betre kommunikasjon og marknadsføring | Pressemeldingar og innlegg i avisene frå aktivitetar og meningsytringar Bruke nettsida vår aktivt med deling på facebook Bruk av instagram | | Alle |
| | Opplæring og stimulere lokallaga til å bruke media og nettside | Portalkurs | | |
| Mål: God rekruttering av nye medlemmer, særleg barn, unge, kvinner | | | | |
| Året rundt | Informere om og følgje opp sentrale satsingar | Prosjekt for rekruttering av jegerar, barn og unge, jenter | | Reidun |
| Mål: Lokallaga og fylkeslaget skal vere godt drivne | | | | |
| 18.03 | Årsmøte i fylkeslaget | | Førde | Alf |
| 2.halvår | Planlegge planleggingssamling for ALLE tillitsvalde i fylkeslaget 12.-14. januar 2018 | Utval: Lage budsjett og invitasjon til alle aktivitetar Styre: Lage årsplan og budsjett | | styret |
| Året rundt | Styremøter ein gong i månaden | Møteplan sett opp etter årsmøtet fram til neste årsmøte | | Alf |
| Året rundt | Utvalsmøter ca 2-4 gongar årleg | | | Utvalsleiarar |
| FOREININGSLØFTET: | | | | |
| 16.01 | Foreiningsløftet-møte | Korleis kan fylkeslaget bidra til å gjere lokallaga betre drivne? | Skei | Bjarne og Alf |
| | Stimulere LL til tidleg planlegging, jamne møter og aktivitetar | E-post, telefon, ved besøk | | Alle |
| | Besøk til lokallaga | Aktivitetar, årsmøte, styremøter | | Alle |

| | | | | |
|---------|--|--------------------------------------|--|--------|
| Februar | Oppfølging foreiningsløftet-møte | E-post om kva ein bør fokusere på no | | Reidun |
| | <ol style="list-style-type: none"> 1. Datofesta plan for styremøta i lokallaget 2. Enkel og oversiktleg aktivitetsplan i lokallaget 3. For betre info til medlemer lokalt – Til dømes opprette Facebook-gruppe i lokallaget eller anna godt alternativ 4. Lokallaget samarbeider med andre lokale friluftslivsorganisasjonar for å lage ein god aktivitetsplan for samarbeid om friluftsliv for barn og unge (Jakt- og Fiskeskule-modellen) – Syr i hop allereie eksisterande planar/aktivitetar, blir ein lang og god plan totalt. Marknadsføre på kommunen si heimeside? 5. Innkalling og referat frå møte i Fylkesstyret vert sendt til alle tillitsvalde og instruktørar lokalt som har registrert epost 6. Alle lokallag har ein kontaktperson i fylkesstyret 7. Arrangere nytt møte med lokallaga med tema: eit godt styremøte, jakt- og fiskeskule, årsplan for lokallaget 2018. | | | |

2.2 Jegerar og fiskarar skal ha god kunnskap om og respekt for vilt, fisk og regelverk

Mål: NJFF sine lokallag skal ha gode tilbod om opplæring innan jakt, hund, fiske og anna friluftsliv

| Når | Tiltak | Korleis | Kvar | Ansvarleg |
|------------|--|--|-------|------------------|
| Året rundt | Følgje opp lokallaga og stimulere til aktivitetar | | | Alle |
| Året rundt | Følgje opp lokallaga og stimulere til å utdanne ettersøksdommarar, ettersøksinstruktørar og halde godkjenningsprøver for ettersøkshund | Kontakt med lokallaga og tilby instruktør/dommarkurs | | Ettersøksutvalet |
| 18.01. | Oppdateringskurs ettersøksinstruktør | | Skei | Rudi |
| 22.02 | Teorikurs ettersøksdommar | | Førde | Rudi |
| 17.-19.02 | Grunnkurs jakthund | | Skei | Rudi |

2.3 NJFF skal ha attraktive medlemstilbod til jegerar, fiskarar og andre friluftinteresserte

Mål: Tilbod om allsidige aktivitetar innan jakt, hundearbeid, fiske og anna friluftsliv

| Når | Tiltak | Korleis | Kvar | Ansvarleg |
|------------|-------------------------|---|------|------------------|
| Året rundt | «100 båtar og 1 nøkkel» | Følgje opp lokallaga | | Reidun |
| Året rundt | Jaktskyting | FM og LM, Sogn og Fjordane Cup, Våpenloftetcup. setje opp terminliste, bestille premiar | | Jaktskyttarutval |

| | | | | |
|------------|--|--|--------------|------------------|
| Mai-august | Jaktskytingens dag | Alle lokallaga kan melde seg på og arrangere gratis skyting med rifle og hagle | Heile fylket | Jaktskyttarutval |
| Året rundt | Medlemsfordelar på fylkesnivå | Samle medlemsfordeler på ein stad | Portalen | Reidun |
| Året rundt | Tilby lokallaga fiskeaktiviteter, fiskekurs o.l. | | | Fiskeveglearar |
| 10.-12.03 | Vinterprøve ståande fuglehundar | Gaularfjellprøven | Gaularfjell | Fuglehundutval |
| | Få inn oversikt over medlemsfordelar og tilbod i lokallaga og marknadsføre dei | | | Reidun |
| | Stimulere lokallaga til samarbeid slik at ein får tilbod dei fleste plassar | Foreiningsløftet | | Alle |
| | Prisdifferensiere aktiviteter medlem-ikkje medlem | På flest mogleg aktivitetar | | Alle |
| | Trofébedømming | | | Trofédommarar |

BUDSJETT 2016

| | <i>Res-2016</i> | <i>Bud-2017</i> |
|--|--------------------|--------------------|
| <u>SALGS- OG DRIFTSINNTEKT</u> | | |
| 3100 Andel kontingent | -209 298,90 | -210 000,00 |
| 3110 Deltakaravgift | -89 610,00 | -150 000,00 |
| 3130 Kontingent | -59 447,00 | -60 000,00 |
| 3400 Tilskot NJFF | | -10 000,00 |
| 3401 Tilskot FM og FK | -199 000,00 | -44 000,00 |
| 3402 Utviklingsavtale Driftstønad | | -150 000,00 |
| 3403 Utviklingsavtale Rekruttering | -95 000,00 | -115 000,00 |
| 3404 Utviklingsavtale Human jakt | -100 000,00 | -100 000,00 |
| 3405 Utviklingsavtale Småviltforvaltning | -50 000,00 | -50 000,00 |
| 3410 Andre tilskot | -14 864,82 | |
| 3411 Grasrotandel | | -400,00 |
| 3420 Momsrefusjon | -38 931,00 | -40 000,00 |
| 3620 Leige: treningsterreng | -500,00 | 23 000,00 |
| SUM SALGS- OG DRIFTSINNTEKT | -856 651,72 | -906 400,00 |
| <u>LØNNSKOSTNAD</u> | | |
| 5000 Honorar | 39 532,53 | 65 000,00 |
| 5901 Gåver til tillitsvalde og LL | 61 547,00 | 15 000,00 |
| SUM LØNNSKOSTNAD | 101 079,53 | 80 000,00 |
| <u>ANNEN DRIFTSKOSTNAD</u> | | |
| 6300 Leige lokale | 64 049,63 | 59 400,00 |
| 6301 Leige av Gaularfjellet | 5 000,00 | |
| 6500 Kjøp av utstyr, inventar | 18 526,50 | 28 000,00 |
| 6510 Kjøp av premiar | 21 382,00 | 53 000,00 |
| 6551 Datautstyr (hardware) | 11 240,31 | 10 000,00 |
| 6552 Programvare (software) | 2 444,00 | 2 500,00 |
| 6620 Reparasjon og vedlikehold utstyr | | 1 000,00 |
| 6700 Kjøp av aktiviteter | 29 974,10 | 5 000,00 |
| 6710 Annonse | 59 122,75 | 42 000,00 |
| 6800 Kontorrekvisita | 13 426,00 | 15 500,00 |
| 6840 Aviser, tidsskrift, bøker | 2 472,50 | 110,00 |
| 6850 Kursutgifter | 12 108,38 | 16 000,00 |
| 6860 mat, opphald | 217 025,56 | 243 500,00 |
| 6870 Utadretta verksemd | | 5 000,00 |
| 6900 Telefon og Internett | 29 244,77 | 30 000,00 |
| 6940 Porto | 3 461,00 | 2 000,00 |
| 7100 Bilgodtgjersle | 109 979,53 | 145 200,00 |
| 7140 Reiseutgifter, ikkje oppg.pl. | 22 889,84 | 2 000,00 |
| 7460 Tilskot andre organisasjonar | 109 215,00 | 166 222,00 |
| 7500 Forsikring | 1 078,00 | 1 100,00 |
| 7770 Bank- og kortgebyr | 1 662,49 | 1 700,00 |
| SUM ANNEN DRIFTSKOSTNAD | 734 302,36 | 829 232,00 |
| KOSTNADER | 835 381,89 | 909 232,00 |
| <u>FINANSIELLE POSTER</u> | | |
| 8051 Renteinntekter | -3 655,00 | -3 500,00 |
| 8150 Annen rentekostnad | 110,29 | |
| SUM FINANSIELLE POSTER | -3 544,71 | -3 500,00 |
| RESULTAT (Overskudd) | -24814.54 | -668.00 |

VEDTEKTER

NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

DEL I

§ 1. NAMN

Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund – Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.

§ 2. FORMÅL

Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest moglege motiverte utøvarar.*

Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.

Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.

§ 3. LEIANDE ORGAN

Laget sine leiande organ er:

- a) *Årsmøtet*
- b) *Ekstraordinært årsmøte*
- c) *Styret*

Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.

Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.

§ 4. ØKONOMI

Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset. Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten. Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.

DEL II

§ 5. ÅRSMØTE

Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.

Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.

Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar. Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.

Årsmøtet skal handsama følgjande:

1. *Konstituering av møtet*
 - *Godkjenning av fullmakter*
 - *Godkjenning av innkalling*
 - *Godkjenning av saklista*
 - *Godkjenning av forretningsorden*
 - *Val av ordstyrar*
 - *Val av sekretær*
 - *Val av teljekorps*
 - *Val av 2 representantar til å skriva under møteboka*
2. *Årsmelding frå siste kalenderår.*
3. *Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*
4. *Innkommne saker med styret sitt framlegg til vedtak.*
5. *Andre saker som styret har sett opp på saklista.*
6. *Styret sitt framlegg til årsplan.*
7. *Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*
8. *Styret sitt framlegg til budsjett.*
9. *Val av styre i medhald av § 7.*
10. *Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.*
11. *Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.*
12. *Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).*

Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i kvoten til fylkeslaget.

Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.

Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.

§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE

Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.

Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.

§ 7. STYRE

Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.

Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.

Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.

Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.

Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.

Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.

- 1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
- 2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.

§ 8. STYRET SITT ARBEID

Styret skal:

- 1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
- 2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpe desse med råd og opplysningar.*
- 3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*
- 4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.*
- 5. Sende saker til høyring i lokallaga.*
- 6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.*

7. *Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrappport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.*
8. *Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.*
9. *Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Foreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.*
10. *Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.*
11. *Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.*
12. *Utnemne fylkesinstruktørar.*
13. *Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.*
14. *Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.*
15. *Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.*
16. *Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.*
17. *Avgjere tvistar mellom laga. Avgjerla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.*

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.

§ 9. VEDTEKSENDRINGAR

Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.

Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.